



Protokoll frå årsmøte for år 2019 i Solund Idrettslag

Møtestad: Skafferiet

Møtetid: Måndag 17. August 2020 kl. 18:00

Leiar Irene Sanden ynskte velkommen til årsmøte.

Innleiingsvis vart dei som har stemmerett på årsmøtet godkjent..

Det var 9 medlemer til stades på møtet.

Av desse var 8 godkjent som røysteføre.

Saker:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling og saksliste vart samråystes godkjent.
Sak om medlemskontingent vert å handsama før sak om budsjett.

2. Val av møteleiar

- Irene Sanden vart vald som møteleiar

3. Val av referent

- Kjell Mongstad vart vald som referent

4. Val av representantar til å skrive under møteboka / protokollen

- Jørn Otto Olsen og Gro Frøyen vart vald til å skrive under møteprotokollen

5. Godkjenning årsmelding 2019

- Årsmeldinga vart samråystes godkjend utan merknader

6. Godkjenning årsrekneskap 2019

- Årsrekneskapen vart samråystes godkjend utan merknader

7. Medlemskontingent m.m.

- Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg om medlemskontingent for år 2020 utan endringar frå året før. Kontingentar for år 2020 vert då slik:

Familie	kr. 750
Einskildmedlem voksen (o/18 år)	kr. 400
Einskildmedlem born (u/18 år)	kr. 250
Student	kr. 250
Støttemedlemskap (ikkje aktiv)	kr. 200
Trimrom (tillegg til medlemskap)	kr. 400
Depositum nøkkel trimrom	kr. 200

8. Budsjett 2020

- Budsjettframlegget frå styret vart samråystes godkjend med følgjande merknad:
Styret får fullmakt til å tilpasse budsjettet til faktisk drift i år 2020

9. Val

- Valnemnda sitt framlegg vart presentert for årsmøtet
Framlegget vart deretter samråystes vedteke:



Val av styremedlemer:

Irene Sanden	(2 år - attval)
Kim Arnes	(2 år - attval)
Stein Hogne Strand	(2 år - nyval)
Gro Frøyen	(1 år - nyval for Stella Tomczuk))
Jørn Otto Olsen	(1 år – ikkje på val)
Kent Inge Strand	(1 år – ikkje på val)

Val av vararepresentantar:

Nina Bauge	(2 år - attval)
Kjell Mongstad	(2 år - attval)
Ann Helen Kvamen	(1 år – ikkje på val)

Val av revisorar:

Vigdis Ravnøy	(2 år - attval)
Borgny Leirvåg	(1 år – ikkje på val)

Val av valnemnd:

Anita Lien Einen	(2 år - attval)
Bjørn Trovåg	(1 år – ikkje på val)

Val av styreleiar:

Irene Sanden	(1 år - attval)
--------------	-----------------

Val av kasserar:

Heidi Sanden	(1 år - attval)
--------------	-----------------

10. Saker som vart innmeldt innan 1. august

- Innspel om å etablere ein ny post på Fjelltrimmen
 - Styret arbeider vidare med å innarbeide denne posten i Fjelltrimmen
- Status for prosjekt «Nytt Idrettshus» (klubbhus) vart presentert
 - Kommunestyret og Formannskap har i fleire vende bede kommunen om å starte prosjekteringsarbeidet; - først i år 2017, og sist i mars 2020; - etter at leiaren i SIL presenterte status i prosjektet.
 - Arbeidsgruppa har arbeidd med finansieringa. Kommunalt tilskot, momsrefusjonar og Tippemidlane er avklart. Likeins at SIL kan stille med 0,5 mill. på rimeleg kort varsel.
 - Det er trøng for å samle inn om lag 2,0 mill. i private midlar, utover den ovanfor nemnde finansiering, for å kunna starte opp byggeprosjektet. Arbeidsgruppa har arbeidd aktivt med å få desse midlane på plass, særleg inn mot havbruksnæringa, men har satt på vent endelige førespurnader i påvente av endringar i status på «trafikklys» for næringa, arbeidet med lokalisering av oppdrettslokalasjonar i kommuneplanarbeidet og KORONA-situasjonen.
 - Eit konkurransegrunnlag er nyleg utarbeidd av Solund kommune. Solund kommune legg dette konkurransegrunnlaget ut på DOFFIN-basen om kort tid.
 - Når tilboda i konkurransen føreligg vert detaljprosjektering starta opp. Arbeidsgruppa sitt arbeid med å få på plass manglende finansiering i prosjektet, vert også aktivert då.
 - Målet er å kunna få endelige avklaringar om oppstart i år, som er SIL sitt 50-årsjubileumsår.

Hardbakke 17. august 2020

Kjell Mongstad

Referent

Jørn Otto Olsen

Gro Frøyen

